




Sunnfjord
kommune



Frivilligpolitisk plattform





Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune er eit overordna styringsdokument vedteke av kommunestyret 30. april 2026.

Plattformen set retning for samarbeidet mellom Sunnfjord kommune og frivillig sektor, og skal leggje til rette for eit godt, langsiktig og føreseieleg samspel til beste for innbyggjarane og lokalsamfunna i kommunen.

Sunnfjord kommune anerkjenner frivillig sektor som ein sjølvstendig og viktig samfunnsaktør. Frivillige lag, organisasjonar og enkeltpersonar bidreg vesentleg til deltaking, fellesskap, inkludering og utvikling av levande lokalsamfunn.

Denne plattformen skal tydeleggjere kommunen si rolle som medspelar, og gi retning for korleis kommunen kan støtte, styrkje og samhandle med frivilligheita på ein respektfull og føreseieleg måte.

Visjon

Sunnfjord kommune skal vere ein aktiv medspelar for frivillig sektor og bidra til eit levande lokalsamfunn.

Mål

Kommunen skal styrke og støtte frivillig innsats ved å legge til rette for samarbeid, god informasjon, møteplassar og føreseielege strukturar.


Prinsipp

Samarbeidet mellom Sunnfjord kommune og frivillig sektor skal byggje på følgjande prinsipp:

- Frivillige skal møtast med respekt
- Lokal forankring og støtte til initiativ frå nærområda
- Klare roller og tydeleg forventningsavklaring

Frivilligpolitikken i Sunnfjord kommune byggjer på **Dei ti frivilligpolitiske bodane**, vedtekne av Frivillighet Norge. Desse gir nasjonale rammer og retningslinjer for godt samspel mellom offentleg sektor og frivilligheita, og er ein viktig del av grunnlaget for denne plattformen.

Den frivilligpolitiske plattformen skal vere eit levande dokument som reflekterer utviklinga i frivillig sektor og i samfunnet elles. Plattformen skal difor reviderast annakvart år. Plattformen skal understreke frivillig innsats som ein positiv, skapande og viktig del av Sunnfjord-samfunnet.



Tiltak

Hovudaktivitetar

Mål og styringsindikatorar

Samhandling og kommunikasjon



- Arrangere årleg dialogmøte for frivillige organisasjonar
- Synleggjere kommunale tilskotsordningar på heimesida og i Innbyggjarappen
- Leggje til rette for enklare tilgang til kommunale lokale og utstyr gjennom Aktiv kommune
- Leggje til rette for god mottaking og samarbeid med frivillige i kommunale einingar
- Lage Kvikkguide for tilsette
- Alle kommunale einingar rapporterer på bruk av frivillig innsats
- Auka deltaking i dialog og samarbeid mellom kommune og frivillig sektor
- Fleire søknadar og auka utteljing av kommunale tilskot
- Betre utnytting av kommunale lokale og ressursar
- Frivillig innsats systematisk synleggjort innan 2027



Struktur og kontaktpunkt for frivillig sektor

- Hovudkanal for informasjon heimeside og innbyggjarappen
- Publisere ofte stilte spørsmål med svar
- Utarbeide og publisere kvikkguide for frivillige
- Nytte standardiserte avtalar der dette er formålstenleg
- Frivillige får lett tilgang til relevant informasjon og kontakt
- Auka grad av sjølvstende i frivillig sektor
- Tydeleg rolle- og ansvarsdeling mellom kommune og frivillig sektor

Evaluering og vidareutvikling

- Gjennomføre evaluering anna kvart år i dialogmøte
- Nyta levekårsdata, søknadstal og brukarundersøkingar i vurdering av effekt
- Revidere og justere tiltak basert på innspel og kunnskapsgrunnlag
- Evaluering lagt fram som orienteringssak politisk
- Følgje utvikling i tal deltakarar i frivillige lag og organisasjonar
- Følgje tal søknadar og tildelte midlar
- Tiltaka vidareutvikla i tråd med dokumenterte behov

